

# Folkehelseprofilen for Hemsedal kommune 2022

## -endringar og fokusområde inkludert tall frå Oppvekstprofilen 2022

### Årets tema er livskvalitet

God livskvalitet er eit viktig mål i folkehelsearbeidet og for heile samfunnsutviklinga i kommunen. Folkehelseprofilen kan sjåast i samanheng med helsefremmende og førebyggande arbeid, der me kan bruke data til å bevisstgjere og velge fokusområde på alle nivå i kommunen.

[Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI her.](#)

I Hemsedal er det:

- ein høg forventa levealder for både kvinner og menn, med fleire år meir for begge kjønn enn landstala.
- ein høgare andel innvandrarar i befolkninga enn fylke- og landstala.
- ein høgare andel som har muskel- og skelett plager enn landstala.
- låg pedagogitetthet i barnehagane.
- noko lågare vaksinasjonsdekning for meslingar enn landstala.
- låg meistringsgrad i lesing og rekning i 5.trinn.
- ein høgare andel av ungdommen som er generelt fornøgd med helsa, enn fylket og landet.
- ein høgare andel ungdommar som rapporterer om psykiske plager, særleg blant dei yngste.
- andelen ungdommar som er fornøgd med lokalmiljøet er låg og lågare enn i fylket og landet.
- ungdomskuleelevar er mindre fornøgde med skulen enn tal frå resten av fylket og landet.
- ein lågare andel unge som er med i en fritidsorganisasjon enn ellers i fylket og landet.

Talene viser og til at det er færre som opplever at dei har ein fortruleg venn enn landet ellers, og at det er det er ein lågare andel barn og unge som er med i fritidsorganisasjonar enn landet ellers.

Indikatoren fornøgd med lokalmiljøet blant ungdommen er på 65%, noko som er lågare enn for fylket og på landsbasis som er på 68-69%. Dette er noko me bør sette fokus på da inkludering, tilhøyrighet, fellesskap og trivsel for barn og unge har stor innverknad på framtida deira og samfunnet vårt.

### Påverkingar av pandemien

Det er tydelege påverkingar av pandemien som har vart i 2 år. Barn og unge har blitt ramma hardt av tiltak og endringar i kvardagen. Ungdata og Oppvekstprofilen viser til tall der ungdomskuleelevar rapporterer ei auking av psykiske plager. Dataene me har tilgang til viser at andelen ungdomskuleelevar som er misfornøgde med ulike sider av livet er høgare enn på landsbasis. Andelen ungdomskuleelevar som rapporterer om psykiske plager har auka i heile landet, men Hemsedal har ei brattare kurve, det vil sei ein enda høgare stigning ifrå 2020 til 2021 enn landsgjennomsnittet. Sjølv om psykiske plager er høgare for ungdomskuleelevar, er psykiske lidelsar i aldersgruppa 15-24 år lågare enn fylkes- og landsnivået. Det kan være usikkerheit om det er realiteten eller om det kan endre seg i postpandemisk tid, da me ser andre aldersgrupper har hatt ei endring i psykiske plager i pandemien.


Einsomhet, isolasjon og færre sosiale treffpunkt har påverka alle aldersgrupper og me bør vera forberedt på at det kan komme til å vise seg konsekvensar av dette. Menneskjer har behov for tilhøyrighet og sosial omgang med andre menneske.

### Helsefremmande og utjamnande tiltak

Trivsel og god opplevd helse er viktige måleparametere på livskvalitet i folkehelsearbeidet. Trivsel på skulen og i fritida, det å ha (gode) venner, oppleve meistring og god helse er viktig for å kunne utjamne sosiale ulikhetar og fremme god helse igjennom heile livet. Tidleg innsats for å utjamne sosiale ulikhetar i helse er hensiktmessig for både individet og samfunnet, sett i ljós av helse, sosiale og økonomiske faktorar. Ulike helsefremmande, forebyggande og utjamnande befolkningstiltak kan være med på å skape et inkluderande og rettferdig samfunn ved å:

- skape gode og inkluderande arenaer for meistring og læring, og ha høg kvalitet i barnehagar og skular.
- inkludere alle barn og unge i ulike fritidsaktivitetar og tilretteleggje for uorganiserte fritidsaktivitetar.
- skape eit inkluderande nærmiljø, med moglegheiter for fysisk aktivitet for alle.
- styrke familiar og menneskjer til å mestre livet.
- skape sosiale møteplassar for alle aldrar.

«Kvardagsledens 5» kan bidra til å fremme livskvaliteten og psykisk helse:



Kjelde: Folkehelseinstituttet (2022). Folkehelseprofil 2022 HEMSEDAL.